



## ULLENSVANG FJELLSTYRE



Foto: Hardangervidda fjelloppsyn

ÅRSMELDING 2018

Kinsarvik, 27.02.2019

Steinar Langesæter

Ragnar Ystanes

Synnøva Sæbø

Jørund Kvestad

Hildegunn Espe



## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning.....	3
Ullensvang fjellstyre 2016-2019 .....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	3
Aktivitet i 2018.....	4
Fjellstyrehytter.....	6
Utleige av fjellstyrehyttene.....	6
Villreinjakt.....	7
Elgjakt .....	11
Småviltjakt .....	11
Fiske .....	11
Økonomi .....	12



## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km<sup>2</sup>.

## Ullensvang fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Steinar Langesæter (leiar)	Trond Steine
Ragnar Ystanes (nestleiar)	Jon J. Kråkevik
Hildegunn Espe	Guro Grønsnes Opedal
Synnøva Sæbø	Kari Herstad
Jørund Kvestad	Jan Asbjørn Utne

Fjellstyret hadde i 2018 seks møte. Det blei handsama 40 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida [www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no). Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og Scanatura blir brukt til hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Steinar Langesæter (vara Ragnar Ystanes)

Styremedlem i Norges Fjellstyresamband: Steinar Langesæter

Representant i villreinutvalet: Ragnar Ystanes

## Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullensvang fjellstyre leiger sekretærtjenester og felttjenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.



## Aktivitet i 2018

### Naustet ved Nedsta Krokavatnet

Byggmeister Samson Kjøberg as har hatt oppdraget med å bygge nytt naust ved Nedsta Krokavatnet. «Naustet» har ein naustdel og ein hyttedel med fire sengeplassar. Bygget blei sett opp i løpet av våren og sommaren. I tillegg er det gjort arbeid på inngangspartiet på dugnad. Det står att å male hytta, litt arbeid innvendig, samt å fullføre inngangspartiet. Hytta vil bli tilgjengeleg for utleige frå sommaren 2019.



Figur 1. Naustet ved Nedsta Krokavatnet hausten 2018. Foto: Ragnar Ystanes.



Figur 2. Frå hyttedelen av "naustet" ved Nedsta Krokavatnet. Foto: Ragnar Ystanes.



### Traktorslepa

Det blei gjort vedlikehaldsarbeid på traktorslepa mellom Nordmannslågen og Hansbu sommaren 2018. Arbeidet blei utført av Nå Maskin as. Arbeidet omfatta blant anna å drenere vekk vatn, fjerne stor stein og rette ut skråhall. Intensjonen med prosjektet har ikkje vore å heve standarden på slepa, men å gjere utbetringar som hindrar vidare slitasje på slepa og kulturminne langs traseen. Fjellstyret er godt nøgd med arbeidet som er utført.



Figur 3. Rogdabrotet etter vedlikehaldsarbeid sommaren 2018. Foto: Hardangervidda Fjelloppsyn.

### Fellesdo Hansbu

Grunnmuren til ny fellesdo på Hansbu blei sett opp sommaren 2018. Arbeidet blei utført av Hardangervidda Fjelloppsyn, med noko supplerings av dugnadsarbeid hausten 2018. Resten av bygget blir sett opp våren 2019. Bygget blir eigd av fjellstyret, men sjølve byggeprosjektet er eit samarbeid med dei andre hytteeigarane på Hansbu, der kvar hytte har bidrege med 6000 kr.



Figur 4. Grunnmuren på ny do på Hansbu blei sett opp sommaren 2018. Foto: Hardangervidda Fjelloppsyn.



Anna arbeid som er gjort i år er blant anna installering av solcellepanel på hovudhytta på Raudåna, og klargjering for solcellepanel på det nya naustet ved Nedsta Krokavatnet.

Fjellstyret har tildelt 15.000 kr til ålmennyttige føremål i løpet av året: 5.000 kr til Reinsdyrlaget Folgefonnhalvøy SA i høve 90-årsjubileumet, og 10.000 kr til Folgefonn skyttarlag som stønad til arrangering av jegerprøvekurs.

## Fjellstyrehytter

Ullensvang fjellstyre har sju hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet, og har hatt ein lavvo ståande ved Midtra Grøndalsvatn i sommarhalvåret.

Fjellstyrehytter:

Ullsbu (Hansbu)

Rogdabu (Hansbu)

Oppsynshytta på Hansbu

Naustet (Nedsta

Krokavatnet)

Raudåna

Raudåna – oppsynshytta

Persbu (Øvsta Bjørnavatnet)

Leigd ut til Hardangervidda Fjellopsyn

Nytt bygg klart i 2019. Det gamle naustet har ikkje blitt brukt til utleige i 2018.

## Utleige av fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret.

Hytte	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	130,-
Rogdabu	110,-
Naustet	130 /80 (ulåst del)
Raudåna	130,-
Raudåna – oppsynshytta	130,-
Persbu	110,-

Utleige av hyttene blei gjort via salssida Scanatura, som er eigd av Inatur. Leigetakarane bestiller overnatting for dei dagane dei ynskjer, og betalar via Scanatura. Det er sett opp nøkkelboks med kode på kvar hytte, slik at dei som leiger ikkje må få utlevert nøkkel slik som tidlegare år. Dette har stort sett fungert bra. Særleg i reinsjakta har det vore ein stor føremon at brukarane av hyttene kan bestille overnatting på kort varsel.

Lavvoen blei sett opp i Grøndalen som tidlegare år. Duken blei øydelagt i løpet av sommaren, og lavvoen var ikkje i brukbar stand etter sesongen. Fjellstyret set ikkje opp ny lavvo i Grøndalen i



2019. Lista med overnattingar i lavvoen gjekk tapt i løpet av sesongen, så det er noko usikkert kor mange som har nytta seg av tilbodet. Innbetaling på bankkontoen viser seks overnattingar i 2018.

Hytteleige utgjorde 45.396,- i 2018. Dette er lågare enn i 2017 (63.180,-). Det kjem i stor grad av at det var ei svært låg reinskvote, som gav lite etterspurnad etter hyttene i reinsjakta. I tillegg var det mykje dårleg vêr i slutten av september, som nok førte til at utleige i denne perioden var mindre enn det kunne ha vore.

Tabell 1. Oversikt over sal via Scanatura.

	Leige av heile hytta tom. 17. august	Leige av heile hytta fom. 18. august	Leige av enkeltseng fom. 18. august	Sal	Netto omsetnad
Ullsbu	36	7	0	43	kr 21 158
Rogdabu	5	1	0	6	kr 1 155
Raudåna - oppsynshytta	4			4	kr 1 820
Raudåna - avdeling 1	12	5	0	17	kr 7 735
Raudåna - avdeling 2	7	0	0	7	kr 3 185
Persbu	5	12	5	22	kr 3 754
<b>Sal</b>	<b>69</b>	<b>25</b>	<b>5</b>	<b>99</b>	
<b>Netto omsetnad</b>	<b>kr 28 770</b>	<b>kr 9 555</b>	<b>kr 481</b>		<b>kr 38 806</b>

## Villreinjakt

Kvota for Hardangervidda var i 2018 1.522 dyr, fordelt på 1.056 frie dyr, 232 simle/ungdyr og 234 kalv. Ullensvang fjellstyre hadde ei kvote på 67 fritt dyr, 14 simle-/ungdyr og 14 kalv.

### Søknadsprosess

Inatur blei nytta til søknadsprosess og trekking av korta, som i 2017.

### Kortretur

Fjellstyret hadde ei kortreturordning, der det blei gitt ein refusjon for innleverte kort som fjellstyret fekk selt vidare.

### Kortsal

Alle korta blei selt til innanbygdsbuande. Før jakta var det nokre innanbygdsbuande på venteliste. Desse fekk tilbod om kort i løpet av jakta.



## Prisar

Tabell 2. Prisar på reinskort i 2018.

	2018
Fritt dyr	1.900,-
S/u	1.200,-
Kalv	600,-


## Jakttid og samjakt

Jakttida blei sett til 20.8-23.9. Dette var grunngeve med den høge fritt dyr-andelen i kvota, og ønsket om at det ikkje skulle jaktast simle i staden for bukk mot slutten av jakta. Det blei innført samjakt mellom Ullensvang statsallmenning, Røldal statsallmenning og Eidfjord statsallmenning i perioden 13. september til og med 23. september.

## Fredingssoner


Fredingsssonene på Ullensvang statsallmenning blei justert før jakta i 2018. Det blei gjort endringar på både sona i nord og sør. Gjeldande fredingssoner i jakta 2018 var som fylgjer:

Fredingssone nord gjeldande frå og med 2018





Fredingszone sør 2018



Bakgrunnskart: Kartverket

Felling

Fellingsresultat på Ullensvang fjellstyre sine kort:

	Kalv	1 ½	2 ½ og eldre	I alt
Hanndyr	3	0	35	<b>38</b>
Hodyr	2	2	12	<b>16</b>
<b>I alt</b>	<b>5</b>	<b>2</b>	<b>47</b>	<b>54</b>


Fjellstyret hadde 95 kort i år, som gir ein fellingsprosent på 56,8.

Fellingsresultat på korta med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen:


	Kalv	1 ½	2 ½ og eldre	I alt
Hanndyr	2	0	1	<b>3</b>
Hodyr	0	1	2	<b>3</b>
<b>I alt</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>6</b>

Fjellstyret hadde 12 kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen. Fellingsprosenten på desse korta var 50.


Samla blei det felt 60 dyr på korta Ullensvang fjellstyre disponerte, noko som gir ein fellingsprosent på 56,1.



Jaktutbyttet var høgt dei fyrste dagane, medan det blei jakta få dyr etter 1. september. Mot slutten av jakta var det mykje dårleg vær, som påverka jaktutbyttet. På grunn av låg kvote var det generelt lite folk i fjellet, og flokkane fekk gå i fred i lengre periodar.



Figur 5. Posisjonar frå GPS-merka dyr i perioden 20.8-23.9.2017.



Figur 6. Fellingsresultat HA 282 Ullensvang statsallmenning 2005-2018.

## Elgjakt

Ullensvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullensvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2018 var kvota på ein vaksen oxen og ein kalv. Det blei felt ein vaksen okse dette året.

## Småviltjakt

Småviltjakta blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Rypa har vore freda dei siste åra, men det blei opna for jakt frå og med 2018. Det har blitt seld 131 kort for jaktseongen 2018/2019 (105 dagskort, 23 vekeskort og tre sesongkort). Det er rapportert inn felling av 72 fjellrype, 77 lirype, ein hare, ein raudrev og ei krikkand.

## Fiske

Fisket blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Meir utfyllande informasjon om fiske i årsmeldinga frå Fellesstyret.



## Økonomi

Fjellstyret hadde i 2018 ein omsetnad på 332.846,20,-. Utgiftene var på 1.006.979,57,- , noko som gav eit underskot på 653.136,- etter renteinntekter. Vedlikehald på traktorslepa var den største kostnaden. Låg reinskvote førte til at inntektene frå sal av reinskort var svært låge samanlikna med tidlegare år.